



ÅRSMELDING 2001-SESONGEN – KEIPEN TURRLAG

I år er det halde 2 styremøter. Begge vart halde i Trudvang på Kjelkenes den 23. januar og 10. oktober.

Turaktivitetane har gått litt "smått" i år. Dette kan skuldast veret, då styggever har gjort at fleire av dagsturane vart avlyste og at fleire av kveldsturane ikkje vart noko av. Litt skuffande var det også at då vi fekk vakkert vær til turen på Hjelmen 19.august og det møtte berre 2 personer utenom turleiaren til den flotte turen. Likevel har nokon av turane vore ein suksess. 116 personer har deltatt på turane i indre Bremanger i år og talet i ytre har vore ca. 50 turgåarar.

Vi har arbeidd med tursti-prosjektet i år også. Varding og T-merking av ruta til Keipen er fullført i år. I fjor var vi komne aust til Vasskaret. Vidare til Keipen måtte vi ha helikopter-transport opp i området for å kunne arbeide nokre timer før vi måtte gå heimover. Elkem Bremanger Kraft har sponsa oss med tre turar opp i Keipen-området, og no er alt ferdig merka. Ei stor takk og ære til Elkem Bremanger Kraft og til Tor, Leif og Gunnulf, som har gjort det meste av arbeidet.

Turruta til Keipen startar ved Sørdalsdammen (trappa) i Svelgsdalen. Den går via Knekkevasshytta, over Hjelmemyra og på sørssida av Søre Hjelmevatn, gjennom Vasskaret, sørover i oppstigninga frå Rundevatnet, forbi Urdanasa og vidare mot søraust opp på Keipen-platået. Vidare opp på Keipen-ryggen og mot sør opp på Keipen.

Turruta Svarstad – Vetvika er under planlegging fortsatt. Løyve hjå grunneigarane er ikkje i orden endå, og derfor er denne ruta ikkje gjort noko med.

Turruta Aurebrekka – Gulestøa eller Almenningen er også berre på planlegging-stadiet. Styret har fullmakt til å arbeide vidare med planane.

I år har det også vore arbeidd med vedlikehold og forbedring av turstiar i området kring Svelgs-vassdraget. Dette har vore gjort i samarbeid med Jæger- og Fiskerforeninga og med Elkem Bremanger Kraft. Både Turlaget og Elkem Bremanger Kraft har gjeve midlar til materialer til bruver og klopper m.m.

Hyttearbeidet starta i vinter. Jæger- og Fiskerforeninga og Turlaget har innreidd og ferdigmontert ovn og skorstein i oppholdsrommet i naustet ved Ivervatnet. Turlaget har lagt ut ca. kr 8.500,- og betydeleg arbeidsinnsats, så no ønsker vi velkommen til

ei koseleg "nausthytte" ved Ivervatnet.

På Knekkevasshytta har Turlaget montert nye barduner, reparert avløpet, hogge ved, samt montert ny ovn og ny skorstein. Vi har også fått båret opp ny vinkelsofa og bord til stova. Ovn og skorstein er kjøpt og transportert opp av Elkem Bremanger Kraft. Sofaen er sponsa av Leif Valberg og Turlaget. Bordet har vi fått av Jæger- og Fiskerforeninga.

På Moldahytta har vi også lagt ned ein del arbeidstimer i år. Vi har reparert og lista om, samt malt alle vindauge. Vi har også reparert og delvis laga nye, skodder for vindauge og beisa dei to veggane som er mest utsatt for vær og vind. Turlaget meiner at hytta no er i god stand.

S.T.I.F. har bestilt nytt dekketøy med håndmalt logo til hytta. Dei har også kjøpt nye parafinlamper som er monterte. Turlaget har bore opp nye reserve-gassflasker både på Knekkevasshytta og Moldahytta.

Det er i gang arbeid med nye turkart langs kystområdene fra Nordfjorden til Sognefjorden. Keipen Turlag har tilrådd at kartene vert laga i målestokk 1:50.000, slik at dei vert brukbare å gå etter. Vi må vidare hjelpe til at alle nymerka turruter i våre områder kjem med på kartet.

Sekretær og leiar i Turlaget var utsendingar til årsmøtet for Sogn og Fjordane Turlag På Skei Hotell 27. Januar 2001.

Medlemstalet i turlaget har auka litt i år og. Vi er no 74 medlemmar og vi håper auken held fram.

Leiaren takker for turåret 2001.

Oddmund Leirvik